


Konfirmant 2024

Informasjon om konfirmanttida
i Fjell kyrkje



Foto: Bø Mathisen /
Den norske kyrkje





Velkommen som konfirmant!

Så spanande at du vil bruke dette året på å vere konfirmant!

Du skal få vere med på mykje ulikt gjennom året, og få bli betre kjend med både Gud og deg sjølv (og kanskje få deg nokre nye vener?)

Vi trur at Gud skapte deg og elsker deg akkurat slik du er. Vi trur at Jesus elsker deg så høgt at han døydde for deg. Vi trur at Gud skapar tru og kjærleik i oss, som vi får dele med andre.

Utfordringa til deg dette året er:
Kva skal dette bety for livet ditt?

Tilrettelegging av konfirmantåret

Vi legg til rette for at alle som ønskjer det skal kunne vere konfirmant.

Det kan vere mange ulike grunnar til at det er vanskeleg å vere med i det ordinære opplegget. Om det gjeld kritisk eller kronisk sjukdom, sosiale vanskar, psykiske utfordringar, utviklingshemming eller fysisk funksjonsnedsetting vil vi alltid prøve å finne ei løysing på konfirmantåret ut frå dine forutsetningar.

Ulik tilrettelegging kan vere: mindre grupper, 1-til-1-undervisning, tilrettelegging av materiell eller rom, eigen konfirmasjonsgudsteneste.

Ta kontakt med Ole Kristian Hamre (oh656@kyrkja.no) så vil vi saman finne ei god løysing.

Til deg som ikkje er døypt

Til våren (februar/mars) vil vi ha ei eiga dåpsgudsteneste for ungdom som vil bli døypt før konfirmasjonen.

Før dåpsgudstenesta blir det eit lite dåpskurs, der du skal få lære meir om kva dåp er, og kva det betyr å bli døypt.

Velkommen til dåp!



Konfirmantsamlingar

Å vere konfirmant er å bli betre kjend med den kristne trua og di eiga tru.

På konfirmantsamlingane i kyrkja skal du få lære, erfare og oppleve kva den kristne trua handlar om. Du skal få undre deg over det som er for stort til å forstå, du kan lure på og spørje om alt mellom himmel og jord, og saman skal vi lære om kva som er kjernen i trua vår.

Gjennom bibel, leik, bøn, undervisning, refleksjon, samtale og oppgåver skal du få smake på kristen tru og tradisjon.

Fjellkonfirmantane bli delt inn i fire grupper, som har samlingar annankvar veke; enten onsdag eller torsdag kl. 18 eller 19.

Gi tilbakemelding dersom eit av tidspunkta ikkje vil fungere for din konfirmant.



T14 - Oppstart - 24. august

Torsdag 24. august blir det oppstartssamlingar for alle konfirmantar og foreldre i Fjell kyrkjelydssal. Dette blir ein flott oppstart på konfirmantåret, med både humor, høgtid og god info om konfirmantåret.

24. aug. kl. 18: Konfirmantar frå Fjell, Sund og Danielsen u.sk

24. aug. kl. 20: Konfirmantar frå Tranevågen u.sk.

Fasteaksjonen - 17. mars

Fasteaksjonen er Kirkens Nødhjelp sin årlege innsamlingsaksjon. Dette er ein viktig del av konfirmantåret, der konfirmantane får vere med på å gjere ein forskjell i ei urettferdig verd. Denne dagen er konfirmantar frå heile landet med på å samle inn pengar til kyrkja sitt bistandsarbeid. Alle konfirmantane er med på aksjonen, og går med bøsse i sitt nærområde.

Gudstenester

Som konfirmant vil du bli godt kjent med gudstenesta i kyrkja di. Før konfirmasjonen skal alle konfirmantar gå på minst 8 gudstenester i kyrkja.

Kvar gong du er på gudsteneste får du eit ark i døra. På dette arket får du skrive ned litt av dei tankane og dei inntrykka du får i kyrkja. Det er desse arka du brukar for å registrere at du har vore på gudsteneste.

Dei aller fleste søndagar er det gudsteneste i kyrkja di kl. 11, men nokre gonger er det gudsteneste på kveldstid i staden for. Hugs derfor å sjekke nettsida til kyrkja før du setter på vekkerklokka til søndagen!



Presentasjonsgudsteneste

Gjennom heile konfirmantåret vil kyrkjerommet i Fjell vere stengt. Gudstenestene dette året vil i stor grad skje i kyrkjelydssalen i Fjell kyrkje.

I løpet av hausten skal alle konfirmantane bli presentert for kyrkjelyden på ei gudsteneste. Dette vil bli fordelt på fleire gudstenester.

Datoane for dette kjem på semesterplanen.

Foto: Den norske kyrkje /
Simen Prestaaen



Konfirmasjonsgudsteneste

27. og 28. april blir det flotte og høgtidelege konfirmasjonsgudstenester for fjellkonfirmantane. På konfirmasjonsdagen låner vi Foldnes kyrkje, som gir ei flott og høgtideleg ramme rundt gudstenesta.

Med kvit kappe på skal du få komme fram til alteret i kyrkja. Her vil vi be for deg, og be Gud velsigne framtida di.

Konfirmasjonsdagen er ei flott avslutning på konfirmantåret, og vi håpar at du allereie nå har begynt å glede deg til alle som vil feire deg på denne dagen.



Konfirmantleir på Skjergardsheimen

I oppstarten av konfirmantåret er det leirhelger på Skjergardsheimen på Tjeldstø. Alle fjellkonfirmantane er med på leir ein av dei første helgene i september:

- For konfirmantar frå Fjell, Sund og Danielsen u.sk.: 1.-3. september
- For konfirmantar frå Tranevågen u.sk.: 8.-10. september

Dersom du ikkje kan på den oppsatte helga, gi beskjed, så kan du bytte leirhelg.

Program

Du kan sjå frem til ein leir med aktivitetar, friluftsliv, bibelsamling, undervisning, leirkveld, mat, rangling, leikar og kjekke folk. Det blir både gøy og seriøst, og alt som ein leir skal by på!

Vi håpar at du gler deg – det gjer vi leiarar – og vi skal gjere alt vi kan for at dette skal bli bra leir!

Tilrettelegging

Vi ønskjer at alle konfirmatane skal kunne bli med på leir.

Dersom det er noko som gjer det vanskeleg for din konfirmant å delta, ønskjer vi kontakt med deg. Då kan vi saman finne den beste løysinga for din konfirmant.

Ikkje ver redd for å ta kontakt. Dess meir vi veit, dess betre kan vi gjere leiren for din konfirmant. Ta kontakt med Ole Kristian Hamre (oh656@kyrkja.no)

Til foreldre og føresette

Informasjon

Gjennom konfirmantåret er det e-post som er hovudkanalen for info, men nokre ting blir òg sendt ut i posten. Hugs å gi beskjed dersom du skulle flytte eller endre e-postadresse, slik at du er sikra at informasjonen kjem fram.

Du vil alltid finne informasjon om konfirmantåret på nettsida vår kyrkja.no/fjell/konfirmant. Dersom det er noko du lurar på, eller info du ikkje har fått, ta kontakt med Ole Kristian Hamre (oh656@kyrkja.no).

Foreldresamlingar

Det blir tre foreldresamlingar i løpet av konfirmantåret:

- T14, 24. august. Samling for konfirmantane og foreldre/føresette.
- Foreldresamling i januar/februar, med informasjon om Fasteaksjonen.
- Øving til konfirmasjon, 16. april i Foldnes kyrkje. Her blir det info om konfirmasjonsdagen, utdeling av kappar til konfirmantane, og ein mulighet til å bli kjend med kyrkjerommet i Foldnes kyrkje.





Fasteaksjonen

Søndag 17. mars arrangerer vi Fasteaksjonen i Fjell sokn. På Fasteaksjonen håpar vi at de som foreldre kan bidra med dugnadsarbeid. Vi treng folk til å bake, køyre bil, telje pengar m.m. Det kjem meir info om Fasteaksjonen på foreldresamlinga i januar/februar, men fint viss du allerede nå kan holde av ettermiddagen.

Gudstenester


Vi vil spesielt invitere deg som er forelder/ føresettt til å gå saman med konfirmanten din på gudstenestene. Gudstenesta er ein flott mulighet til å gjere noko saman, på tvers av generasjonane.

Økonomi

Konfirmantåret har ein eigenandel på 700,- Ein del betalte dette ved påmelding. Alle andre vil få tilsendt ein e-post med lenke til betaling.

Eigenandel for konfirmantleiren er 1000,- Dette blir betalt på Vipps i samband med leiren.

Økonomi skal aldri vere ei hindring for deltaking. Dersom du har vanskar med å betale, ta kontakt med Ole Kristian Hamre (oh656@kyrkja.no), så finn vi ei god løysing.



DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn